



Arkivnr: 2015/7001-2

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Inger Lena Gåsemyr

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		10.09.2015
Fylkesutvalet		23.09.2015

## Utkast til rettleiar for NB! - registeret. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

### Samandrag

Riksantikvaren har utarbeidd framlegg til rettleiar for NB!-registeret. Dokumentet er sendt ut på høyring med frist 2. september 2015. På grunn av politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune etter fristen vert møteprotokoll ettersendt etter avtale med Riksantikvaren.

Rettleiaren si målgruppe er sakshandsamarar i fylkeskommunar, kommunar, eigedomsutviklarar og utbyggjarar. Rettleiaren tek for seg sakshandsamingsreglar som gjeld med omsyn til plan- og bygningslova i desse områda, og har ein fagleg del som syner kva prosess som er lagt til grunn for utveljing og avgrensing av NB!-områda.

### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune er positive til at Riksantikvaren har utarbeidd rettleiar for NB-registeret.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at rettleiar for NB!-registeret vil sikre ei tydelegare og meir føreseieleg kulturminneforvaltning i dei utvalde områda.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 21.08.2015

### Bakgrunn for saka

NBI-registeret er ein database over byar og tettstader i Noreg med kulturmiljø som har nasjonal interesse. Registeret er utvikla av Riksantikvaren i samarbeid med aktuelle kommunar og fylkeskommunar og femner om 75 byar der spora etter 1000 års byhistorie er kartfesta.

NBI-registeret skal fungere som ein «vis varsemd-plakat» og gjer tydeleg område der ein skal ta særleg omsyn i samband med forvaltning og utvikling. Dette er eit viktig ansvarsområde for fylkeskommunane: «*Den regionale kulturminneforvaltningen i fylkeskommunene/Sametinget har ansvar for at de nasjonale kulturhistoriske interessene knyttet til NBI-områdene blir ivaretatt i forbindelse arealplaner og byggesøknader*» (rettleiaren s 7).

Eit kulturmiljø, som er med i NBI-registeret, vert ikkje formelt verna jf. kulturminnelova, men gjev eit grunnlag for kommunane til etablering av omsynssoner jf. plan- og bygningslova. Registeret er dermed eit godt verktøy for lokale styresmakter som kan etablere ein arealpolitikk der ein tidleg kjem i inngrep med kulturminneomsyna. Der det er tydeleg konflikt med nasjonale kulturminneinteresser kan områda i registeret gje grunnlag for å gripe inn i lokale planar, t.d. ved at statlege eller fylkeskommunale styremakter fremjar motsegn til arealplanar på høyring. I Hordaland fylkeskommune vert dette gjort i handsaminga av arealsaker i Kultur- og ressursutvalet.

Det er tre NBI-registerte byar i Hordaland:

1. *Bergen (13 delområde):*
  - Byparken
  - Danmarks plass
  - Fjellsiden
  - Konow Lund – villaene, Kråkenes
  - Krohnengen/Wesselengen
  - Mellomalderbyen sentrum
  - Møhlenpris – murbyen
  - Nygårdshøyden
  - Nygårdshøyden – murbyen
  - Sandviken
  - Skuteviken
  - Strandsiden
  - Sydnes – dei tettbygde trehusa
2. *Voss Delar av Voss sentrum*
  - Delar av Vangen som vart bygd opp att etter 2. verdskrig (Brente staders regulering, BSR) og delar av bygningar før 2. verdskrig
3. *Odda (to delområde)*
  - Smelteverkstomta
  - Tyssedal

### Rettleiar

Riksantikvaren har utarbeidd framlegg til rettleiar for NBI-registeret. Dokumentet er sendt ut på høyring med frist 2. september 2015. På grunn av politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune etter fristen vert møteprotokoll ettersendt etter avtale med Riksantikvaren.

Rettleiaren si målgruppe er sakshandsamarar i fylkeskommunar, kommunar, eigedomsutviklarar og utbyggerar. Rettleiaren tek for seg sakshandsamingsreglar som gjeld med omsyn til plan- og bygningslova i desse områda, og har ein fagleg del som syner kva prosess som er lagt til grunn for utveljing og avgrensing av NBI-områda.

Fylkesrådmannen vurderer at framlegget er klargjerande og bidreg til å gjere areal- og kulturminneforvaltninga enklare i dei aktuelle kommunane. Dokumentet presiserer ulike myndesområde i høve lokal og regional forvaltning: *«Kommunen må etablere tidlig dialog med den regionale kulturminneforvaltningen og de aktuelle utbyggerne for å gi tydelige råd om hvilke hensyn som skal tas i NB!-områdene i forbindelse med en eventuell utbygging».*

Ein har ikkje vidare synspunkt på utforming av teksten eller formgjevinga av dokumentet. Slik fylkesrådmannen ser det er rettleiar for NB!-registeret eit godt verkty for å oppnå ei meir føreseieleg kulturminneforvaltning i dei områda som er valt ut og for å unngå unødige konflikhtar.

Det kan likevel vere trong for seinare justering og presisering i høve til dei områda som er valt ut i Hordaland. Rettleiaren bør i sterkare grad presisere i kva grad NB!-registeret vert eit dynamisk verktøy der aktuelle område på sikt kan komme til, falle vekk eller endrast.

Riksantikvaren ynskjer særleg innspel om konkrete eksemplar på NB!-områder, som har blitt regulert til omsynssone c) i kommuneplan/kommunedelplan og /eller reguleringsplan. Dei 3 byane med NB!-registrerte område i Hordaland fylke er regulert med omsynssone c) i kommuneplan/kommunedelplan. I Odda kommune vert det no arbeid med områdeplan for sentrum/smelteverkstomta, der fylkeskommunen har gjeve innspel om at NB!-området bør regulerast til arealføremål § 12-5, underføremål Vern av kulturmiljø og kulturminne, med omsynssone c) og føresegner som sikrar dei kulturhistoriske interessene (jf. s. 8 i rettleiaren).

Rettleiaren er illustrert med døme frå Bergen (Krohnengen og Wesselengen). Slik fylkesrådmannen ser det, er dette eit godt døme frå Hordaland. Det kan likevel vere tenleg å bruke kulturmiljø med ein meir samansett karakter. Det er fleire område i Bergen, Odda og Voss som er aktuelle.

Fylkesrådmannen rår til at Riksantikvaren tek omsyn til merknadene og arbeider desse inn i planen etter høyring. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for Riksantikvaren i oppfølginga av dette arbeidet.